

---

**Fra:** Anne Lise Molvik  
**Sendt:** mandag 22. juni 2020 11:24  
**Til:** 'magnus.helgesen@boligpartner.no'  
**Emne:** Om søknad om igangsetjingsløyve for heile tiltaket - gbnr146/47  
Fosse ytre

**Vedlegg:** D1\_146\_47\_situasjonsplan\_profiler(481015).pdf;  
E1\_snitt\_146\_47(481016).pdf; E2\_fas1\_146\_47(481017).pdf;  
E3\_fas2\_146\_47(481018).pdf; E4\_fas3\_146\_47(481019).pdf;  
E5\_fas4\_146\_47(481020).pdf; E6\_plan1\_146\_47(481021).pdf;  
E7\_plan2\_146\_47(481022).pdf; G-1 Gjennomføringsplan ver  
1(481023).pdf

**FileMailEnforce:** 0

Til Majo Eiendom AS v/ Helgesen

Vi viser til søknad om igangsetjing av heile tiltaket på gbnr 146/47 mottatt 25.05.2020, og samtale om saka i dag.

Av innsend dokumentasjon ser vi at det er gjort endringar i tiltaket i forhold til det som er godkjend i rammeløyvet datert 07.07.2020. Dette gjeld utforming av situasjonsplanen og plassering av bustad både i horisontal- og vertikalplanet, samt mindre endringar i planløysinga. Endringane er av eit slikt omfang at det må søkjast om endring av gitt rammeløyve.

Kommunen kan gje igangsetjingsløyve på bakgrunn av den dokumentasjon som er godkjend i rammeløyvet. De må då gje melding om at innsend og endra dokumentasjon vert trekt og oppdatert gjennomføringsplanen slik at det er samsvar mellom erklæringar som ligg i saka og det tiltaket som er godkjend. Då vilkåret om at teikningar av støttemur, slik det går fram av situasjonsplan datert 14.12.2016, skal liggja føre før det vert gitt igangsetjingsløyve ikkje er oppfylt, kan vi berre gje igangsetjingsløyve for grunnarbeidet i denne omgang.

Vedlagt følgjer situasjonsplan og teikningar som låg til grunn for rammeløyvet gitt i vedtak datert 07.07.2020.

Vennleg helsing

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar på byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

